UTDANNINGS FORBUNDET
Vestland

Vår dato	Deres dato	Vår referanse	Vår saksbehandler
16.05.2022		21/01068-3	Mildrid Beate Kronborg Økland
Avdeling	Deres referanse	Arkivkode	Direkte telefon
		022	+4795486308

Lokallaga Vestland

Lokal fylkesinfo 2/22

Skuleringsplan Utdanningsforbundet Vestland og kursdatoar for lokallags- og arbeidsplassnivå hausten 2022

Skuleringsplan for fylkeslaget for 2022 vart vedteke i fylkesstyret i november. No har styret revidert denne og vedtatt kurs og kursdatoar for hausten. Tabellen under viser detaljane knytt til kursa som vi arrangerer hausten 2022. Sjå utfyllande informasjon om skuleringsplanen og dei ulike kursa under tabellen.
Vedlagt denne saken er også "datoplanen" for all aktivitet på fylkes- og sentralt nivå. Dette er eit dynamisk dokument, der det kan kome suppleringar. Dette vil hovudsakleg vere knytt til interne utval og råd, samt eksterne kurs og konferansar og ulike regionale aktivitetar.

Veke	Dato	Kurs og målgruppe	Stad
36	07.09. (kl. 9-12) Overnatting i forkant	Kurs for **nye** lokallagsleiarar og hovudtillitsvalde	Thon Hotell Skei, Sunnfjord
36	07.-08.09.	Kurs for lokallagsleiarar, hovudtillitsvalde og fylkesstyret	Thon Hotell Skei, Sunnfjord
39	27.-29.09.	TV2 (for nye arbeidsplasstillitsvalde)	Alexandra Hotel, Loen i Stryn
40	04.-06.10.	TV2 (for nye arbeidsplasstillitsvalde)	Scandic Flesland Hotel, Bergen
40	05.-06.10.	Lokallagsleiarsamling, pensjonistråd/pensjonistkontaktar i deler av samlinga	Scandic Flesland Hotel, Bergen

Postadresse
Postboks 1818 Nordnes
5816 BERGEN

Besøksadresse
Strandgaten 198
5004 BERGEN

E-post/Internett
vestland@utdanningsforbundet.no

Tlf. + 47 +47 23138550
Org.nr. 985933170

41	Haustferie		
46	16.-17.11.	TV3 (for nye arbeidsplasstillitsvalde)	Sunnfjord Hotell i Førde
47	22.-23.11.	TV3 (for nye arbeidsplasstillitsvalde)	Scandic Flesland Hotel, Bergen
48	30.-01.12.	Lokallagsstyrekurs	Quality Hotel Edvard Grieg
49	08.12.	Digitalt kurs LL/HTV/FST	Teams/Zoom

Kurs som ikkje er datofesta enno:

- Kurs for tillitsvalde i vidaregåande opplæring.
- Samlingar (i hovudsak digitale) for ulike nettverk for tillitsvalde som er oppretta i fylkeslaget (FUS-barnehagar, vaksenopplæring).

Skuleringsaktivitet hausten 2022

Grunnskuleringa for nye tillitsvalde vil vere det dominerande kurstilbodet til hausten, då vi har vald å flytte TV3 til hausten. Dette skuldast at vi går inn i eit årsmøteår, og må frigjere tid for våren 2023. For hausten er det planlagt for eit to-dagarskurs for lokallagsleiarar og hovudtillitsvalde, det er lagt inn eit kurs for lokallagsstyra og eit for pensjonistrepresentantar og pensjonistråd saman med lokallagsleiarane. Det vil i tillegg vere muleg å organisere digitale kurs/webinar, om vi ser det blir behov. Då særleg med tanke på lokale lønsforhandlingar i KS.

1. **Grunnskulering av nye tillitsvalde**

Grunnskuleringa gjeld alle nye tillitsvalde, med unntak av tariffområde stat som får skuleringa sentralt på TV2, TV3. Nye hovudtillitsvalde som ikkje har denne grunnskuleringa frå før, skal også gjennomføre denne.

- TV1 i lokallaga, i utgangspunktet som eit regionalt samarbeid i september kvart år.
- TV2 i oktober, fordelt på to lokasjonar – eit kurs i Loen og eit i Bergen. Kurs over 3 dagar.
- TV3 i midten og slutten av november, fordelt på to lokasjonar - eit kurs i Førde og eit kurs i Bergen. Kurs over 2 dagar.
- TV4 i mai. Organiseringa av dette kjem vi tilbake til hausten 2022.

Nye tillitsvalde innanfor tariffområde stat får TV2 og TV3 gjennom kurs arrangert sentralt.

Den i lokallagsstyret som har ansvar for oppfølging av private tariffområde innanfor barnehage og har eit skuleringsbehov, får høve til å delta på TV2 til hausten. Dette som observatør.

2. **Tilbod til arbeidsplasstillitsvalde utover grunnskuleringa**

Med unntak av samlingar for tillitsvalde i dei nettverka vi har oppretta i fylkeslaget (FUS-barnehagane og vaksenopplæringa), blir det ikkje arrangert kurs for alle arbeidsplasstillitsvalde om hausten i regi av fylkeslaget. Det er derfor særleg viktig at lokallaga kallar inn alle arbeidsplasstillitsvalde, innanfor alle tariffområde, til jamlege nettverksmøte/kurs/utvida styremøte. Vi gjorde oss gode erfaringar med gjennomføring av storkurs vinteren 2022, og tar med oss desse når vi planlegg kurs på fylkesnivå for våren 2023.

3. **Tilbod til hovudtillitsvalde, alle tariffområde**

På same måte som grunnskuleringa for nye tillitsvalde er prioritert, må systematisk skulering av dei hovudtillitsvalde vere eit prioritert område for fylkeslaget. Dette må omfatte alle tariffområde som er representert i lokallaga og hovudtillitsvalde i fylkeskommunen. Lange reiseavstandar gjer at ein ikkje kan ha hyppige samlingar fysisk med dei hovudtillitsvalde, samstundes som det er viktig at fylkeslaget legg til rette for felles kurs for heile fylket.
Til hausten kallar vi inn alle hovudtillitsvalde i heile fylket til eit todagarskurs tidleg på hausten saman med lokallagsleiarane. I tillegg blir det lagt opp til nokre kortare digitale kurs og møte. På grunn av stor kursaktivitet til hausten, kan vi berre gjennomføre eitt fysisk HTV/LL-kurs, men hovudtillitsvalde er også målgruppe for lokallagsstyrekurset.

4. **Tilbod for nye lokallagsleiarar og hovudtillitsvalde**

Det er viktig med tett oppfølging av nye lokallagsleiarar og hovudtillitsvalde i det første år som tillitsvald. Nye blir vald i mars/april og tek til i verva sine 1. august. Nokre av dei har bakgrunn som arbeidsplasstillitsvalde eller styremedlem i eit lokallagsstyre, mens andre ikkje har denne erfaringa. Sentralleddet tilbyr kurs både for nye lokallagsleiarar og hovudtillitsvalde tidleg om hausten. Dei nye hovudtillitsvalde som ikkje har gjennomført grunnskuleringa (TVO), skal kallast inn til TV2, TV3 og TV4. No i vår blir nye lokallagsleiarar og hovudtillitsvalde kalla inn til ei digital halvdagssamling 18. mai og til kurset i Balestrand 14.-16. juni. Til hausten blir det ei samling for dei nye, i forkant av kurs for LL/HTV/FST i september.

5. **Tilbod til unge tillitsvalde/medlemmer**

Det blir ikkje noko eige tilbod for unge tillitsvalde eller medlemmer hausten 2022, då ungseminar for tillitsvalde ligg inne i planen i juni 2022. Erfaringane frå dette seminaret blir tatt med i det vidare arbeidet med tilbod til unge tillitsvalde og medlemmer.

6. Tilbod til leiarmedlemmene

Grunna pandemien, er fleire av dei planlagde aktivitetane for leiarmedlemmene flytta til hausten. Det betyr at ein går ein hektisk periode i møte. Det er ulike tilbod ein kan gjennomføre for leiarane, men vi ønskjer å kalle inn leiarrepresentantane frå lokallaga til ei samling tidleg på hausten. På den måten kan vi få ein dialog og innspel på kva som er behovet til våre leiarmedlemmer.

Tilbodet vårt fylkeslag skal tilby leiarmedlemmene, skal vere eit supplement til tilbod dei får i sine lokallag og frå sentralt. I tillegg til arrangement sentralt, har mange lokallag ulike type møte og arrangement, både for medlemmane generelt og leiarmedlemmene spesielt. Tillitsvalde leiarar blir kalla inn av sentralleddet til eit sentralt kurs hausten 2022. Dette er flytta frå februar. Styrar- og skuleleiarkonferansane blir også arrangert hausten 2022. Dei fleste leiarar er avhengig av støtte frå lokallaget sitt til desse konferansane. Utdanningsforbundet Vestland har inngått eit samarbeid med KS og Skolelederforbundet i Vestland om ein leiarkonferanse for oppvekstsektoren. Denne var planlagt til 5.-6. april i Loen, men er no utsett til 25.-26. oktober. I tilknyting til denne konferansen vil vi arrangere ei samling for våre leiarmedlemmer.

Vi er også medarrangør av ein arbeidsmiljøkonferanse 29.-30. september i Bergen saman med KS og Fagforbundet, der det er naturleg at leiarar melder seg på.
Det blir lagt til rette for nokre webinar for leiargruppa i løpet av hausten 2022 og leiarmedlemmer i vidaregåande opplæring skal ha tilbod om leiarforum gjennom sine hovudtillitsvalde i samarbeid med fylkeslaget.

I tillegg til det som no er nemnt, er det ønske om å legge til rette for ei skulering av leiarmedlemmene våre innan lov- og avtaleverket. Vi bør vurdere om vi skal ha ein «pilot» i vårt fylke. Dette er ein kursmodell som tar utgangspunkt i eit tidlegare prosjekt kalla «Halden-prosjektet» der det i etterkant er kommunisert ut ei forventning frå sentralleddet at fylkeslaget får ei rolle i gjennomføringa av kurset. Vi vurderer om vi skal inkludere hovudtillitsvalde i ei slik felles opplæring i lov- og avtaleverk.
Sjå rammer og innhald i kurset (krev innlogging): Kurs for ledere (utdanningsforbundet.no)

7. Andre kurstilbod

Enkelte lokallag har organisasjonstillitsvalde på større frikjøp som må inkluderast i skuleringa vår. Dette er personar som ofte har ansvar for privat tariffområde i sitt lokallag. Desse er av eit mindre omfang og vil vere naturleg å inkludere når det er kurs der hovudtillitsvalde er målgruppe.

Det er kome henvendingar frå lokallag om skulering av nestleiarar i lokallag der same person har verva som lokallagsleiar og HTV. Berre eit fåtal av desse har noko frikjøp og ein kan difor få problem med permisjonsrettar. Fylkesstyret har landa på at desse ikkje blir kalla inn til kurs, ut over lokallagsstyrekurset.

Når lokallagsleiar også er fylkesstyremedlem og til vanleg ville hatt ei rolle som kursdeltakar, kan nestleiar delta på desse kursa. I praksis betyr dette kurs og samlingar for LL og HTV.

Pensjonskurs i regionane: Fylkeslaget har fått fleire henvendingar frå lokallag om medlemsmøte om pensjon. For å stette dette behovet, er vi no i gang med regionale pensjonskurs fleire stader i fylket. Dette arbeidet vil halde fram også til hausten.

Lokallagsstyrekurs vil bli gjennomført i månadsskiftet november/desember.

Vi har lagt inn ei samling for pensjonistrådet vårt og pensjonistrepresentantane i lokallaga, saman med lokallagsleiarane. Denne skal kombinerast med ei ordinær lokallagsleiarsamling og ei formell leiarsamling (§53 i vedtektene). Samlinga er lagt til oktober, samtidig med TV2 i Bergen.

8. Økonomi knytt til skulering

Kursa våre for tillitsvalde etter hovudavtalane vert finansiert med såkalla OU-midlar, som blir tildelt via Unio.

Vi vil særleg vise til reglane om bruk av offentleg transport der det er muleg og om at ein berre får overnatting i forkant viss ein må reise heimanfrå før kl. 06.30 for å rekke fram til kursstart. Kursreglement vil no følgje med innkallinga til alle fysiske kurs.

Venleg helsing

Utdanningsforbundet Vestland

(sign)
Steinar Vegsund Strømsli
Fylkesleiar

(sign)
Mildrid Kronborg Økland
Fylkesnestleiar

Brevet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskrevet signatur.